

Plan v/ Arealforvaltning

Skulemiljøutvalet ved Manger skule har følgjande innspel til detaljreguleringsplan for Manger barneskule, planID 12602019000300:

Me meiner at det som vert her presentert i detaljreguleringa får eit lite utbytte for ein stor kostnad. Ein får ikkje plass til mange elevar ekstra, som rekna med vert det plass til 20 elevar ekstra for då 50 millionar.

Det er viktig for Manger som samfunn at det vert gjort noko for utkanten av kommunen. Me har gode moglegheiter og eit godt oppvekstmiljø her, og me har mange aktivitetar for barn. Me treng ein skule for framtida!

Det vert med denne detaljreguleringa eit uoversikteleg uteområde med fleire meir eller mindre isolerte skuleplassar. Dette vil kreve mykje resussar i høve til å sikre tilsyn med alle elevar til ei kvar tid. Alle har krav på eit godt og trygt skulemiljø, og dette kan verta vanskeleg å få god oversikt over.

Skulen har også mykje gamle bygningar. Me ønskjer betre inneklima på heile skulen. Elevar har rett på eit godt fysisk læringsmiljø og godt inneklima.

Om skulen skal gjennom endå ein ny oppussingsfase, vil dette gå ut over læringsmiljø for elevar og arbeidsmiljøet til dei tilsette. Dette er ein krevjande prosess som ingen har lyst til å gjennomgå. Me ser også på den trafikale situasjonen ved skulen slik den er i dag, at det vert utfordrande om ein skal i tillegg få større anleggstrafikk på skuleområdet i ein byggeperiode.

Trafikksituasjonen ved skulen er kaotisk. Foreldre, elevar og tilsette ser med stor bekymring på trafikksituasjonen som er i dag. Det er ofte farlege situasjonar grunna for lite areal. Me ser ikkje at det vil bli ei god løysing for tilkomst til skulen grunna at det er eit tettbygd strøk med einebustadar rundt parkeringa.

Rekruttering til skulen er allerede vanskeleg slik situasjonen er i dag. Nyare skular vil heilt klart vinna kampen om dei beste kandidatane. Me opplever at det er vanskeleg nok å ligga i ein utkant i kommunen i høve til dette. Me kan ikkje sjå at forslaget som her ligg føre vil gjere denne situasjonen enklare.

Med helsing skulemiljøutvalet ved Manger skule.